


Sjå adresseliste

Dato: 13.02.2023
Vår ref: 22052 SG
Dykkar ref:

Varsel - utvida planområde – detaljregulering for Stad Molo og Leikanger indre hamn, Stad kommune

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 12-1 og 12-8 blir det varsla ei mindre utviding av planområdet for etablering av indre hamn med ein molo ved Leikanger på Stadlandet. Planen er under arbeid som detaljreguleringsplan, jf. pbl. § 12-3. Plan-ID er 2022008.


Tiltakshavar for arbeidet er Stadt Molo AS er og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart var varsla i mai 2022. Utfyllande informasjon om fyrste varsling er å finne på Stad kommune sine internettsider, www.stad.kommune.no, og på Nordplan sine sider <http://www.nordplan.no/>. Varsling ved brev vert i denne omgang send til grunneigarar på utvidingsområdet, naboar og berørte partar.



Lokalisering

Opprinneleg planområde strekkjer seg frå næringsverksemda Per Stave AS i nord, til Stad næringspark i søraust. Planen er avgrensa mot detaljregulering for Leikanger sentrum som er under revidering. I første annonseringa overlappar planområdet noko med detaljreguleringa på Sjøastad, no er dette utvida litt, til også å gjelde tilkomstvegen.

Ein legg opp til å utvide planområdet til å omfatte kommunal tilkomstveg, som er kalla o_SKV1 i gjeldande reguleringsplan for dette området. Utvidinga er gjort med utgangspunkt i regulert senterlinje og 15m utviding til kvar side. Grunnen til utvidinga er at ein ynskjer å avklare arealforholda med sikte på å opparbeide fortau langs vegen, mellom opprinneleg planområde og Leikangervegen, slik at det vert danna eit trygt gang samband mellom hamneområde/arbeidsplassar og sentrum.



Annonsert plangrense, tilleggsareal ligg innanfor orange sirkel.

Arealet frå enden av tenkt fortau, til og med deler av Fylkesveg 620 Vestkappvegen er inkludert for å ta høgde for eventuelle mindre tilpassingsbehov.

Tilhøvet til vedtekne planar

Kommuneplanen sin arealdel

For den aktuelle utvidinga av planområdet er kommuneplanen sin arealdel erstatta av ein nyare reguleringsplan.

Kommunedelplan for sjøareal 2022-2032, Stad kommune

Kommunedelplanen skal leggja til rette for meir næringsaktivitet i sjøområda til kommunen. Aktiviteten skal ikkje kome i konflikt med viktige naturområde, kulturminne, verneområde, eller bruken av sjøområda til rekreasjon for fastbuande og besøkande. I kommunedelplanen er sjøområde utanfor Leikanger lagt ut til hamn, område «VHS01

Leikanger hamn». Per Stave sitt areal er i kommunedelplanen sett av til næring, og gitt nemning «BNO2».

Reguleringsplan for Leikanger sentrum

Reguleringsplanen er under arbeid. Reguleringsplan for Stad molo og Leikanger indre hamn vil leggja seg inntil plangrense for plan for Leikanger sentrum.

Reguleringsplan for Stad næringspark

Aust og delvis innafor planområdet ligg reguleringsplan for Stad næringspark vedtatt i 2019. Her er det ynskje om endring og utviding i sjø og mot aust. Delar av planen vil derfor innlemmast og bli ein del av ny plan. Ved utvidinga, vert den innlemma delen noko større enn først annonsert.

Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta)

Planarbeidet vert gjennomført med konsekvensutgreiing. Den varsla endringa utløyser ikkje nye tema for vurdering, men ein vil legge meir vekt på å avklare og utgreie trafikktilhøva inn i mot hamneområdet på Sjøstad.

Innspel til planarbeidet

Endringa vert varsla i Fjordenes Tidende og Fjordabladet. Det er høve til å kome med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette handsama av Stad kommune, med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

på e-post til: sg@nordplan.no
ev. i brev til Nordplan AS, Pb 224, 6771 Nordfjordeid

med kopi til Stad kommune, post@stad.kommune.no, eller til Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid.

Frist for innspel er sett til **tysdag 28.03.22**

Med helsing
for Nordplan AS



Siri Gausemel
Arealplanleggar

Mottakarar

Offentlege høyringspartar		
Instans:	Adresse:	E-post:
Statsforvaltaren i Vestland		sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland Fylkeskommune	OBS også som eigar av gbnr 226/64	post@vflk.no
Statens Vegvesen, region vest		firmapost@vegvesen.no
NVE, Region Vest		rv@nve.no
Kystverket		post@kystverket.no
Fiskeridirektoratet		postmottak@fiskeridir.no
Mattilsynet		postmottak@mattilsynet.no
Linja AS	OBS også som eigar av gbnr 226/76	kundesenter@linja.no
Nordfjord miljøverk IKS		post@nomil.no
Telenor Kabelnett		kabelnett@telenor.com
Stad kommune	Ein ber om at saka vert distribuert til relevante representantar i organisasjonen	post@stad.kommune.no
Stadtlandet idrettslag		stil@stadtlandetil.no

Lokale høringspartar

Namn	Gnr/bnr
Henning Asbjørn Sjøstad	223/2
Arild Per Sjøstad	223/3, 25, 26, 37 og 224/41
Atle Hustad	223/6
Laila Bødal Sjøstad	(223/7)
Chris-Rene Nybakk	223/18
Simona Stadpipe Eigedom AS	223/41, 48
Sjøstad Eigedom AS	223/42
Jarle Svein Honningsvåg	223/45, 49 og 55
Stad Drivstoff AS	223/46 og 71
Strandtorget AS	223/47
Jh Invest AS	223/49-1
Stadt maskin Eigedom AS	223/53
Vestland Fylkeskommune – (pr. e-post)	223/64
Stad Eigedom AS	223/69
Stad kommune	223/33, 70 og 224/141
SFE Produksjon AS	223/74
Linja AS– (pr e-post)	223/76

Vedlegg sendt til mail- mottakarar:

- Varslingsbrev, datert 08.02.23
- SOSI fil - plangrense

Denne informasjonen finn de også på www.stad.kommune.no, og på Nordplan sine sider www.nordplan.no